

KODEJAKTA

2025



HJELMELAND KOMMUNE

Lykke til med kodejakta

Det er mange som har venta med spenning på å koma i gang med årets utgåve av Kodejakta.

Du kan finna ti kodar i Kodejakta i år.

Me har prøvd å få til ei god blanding av langturar, passeleg lange ettermiddags- og kveldsturar, familievenlege rusleturar og nokre turar alle kan delta på. Dei fleste er nye, men eit par av dei har vore med tidlegare.

Kodejakta inneheld berre nokre av turane du kan gå i Hjelmeland. Her har me også mange andre turperler.

Gå inn på hjelmeland.

kommune.no, trykk på «Kultur, fritid og turistinformasjon» og deretter på «Friluftsliv».

Der finn du kart med vegen til mange perler i tur- og naturkommunen Hjelmeland Naturlegvis.

GOD TUR OG GOD JAKT!

HUGS DETTE NÅR DU GÅR UT PÅ TUR:

Det er generell bandtvang for hundar i Kodejakt-sesongen, og dei fleste turane går gjennom område med beitedyr.

Ta med deg godt med drikke når du legg ut på dei lengre turane.

Me minnar også om fjellvettreglane:

1. Planlegg turen og meld frå kvar du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, også på korte turar
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunne hjelpe deg sjølv og andre
6. Ta trygge vegval. Kjenn att skredfarleg terreng og usikker is
7. Bruk kart og kompass. Vit alltid kvar du er
8. Vend i tide, det er inga skam å snu
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig



1. Jamnarheia, Årdal

Kjør Songesandvegen opp i Lyngsheia. Turen startar rett etter at du har køyrt over toppen ved Sandvatnet.

Rundturen er kjekkast om du startar langs Sandvatnet.

Turen går langs det spesielle Sandvassjuvet før han svingar opp på Jamnarheia. Koden finn du på varden på toppen av Jamnarheia.

Turen er vel seks kilometer

lang. Bortsett frå ei kneik midtvegs på turen, er det fint terreng og ganske lett å gå. Du må rekna tre-fire timar om du skal nyta turen og utsyna.



Sandvassjuvet.

Turkarta i Kodejakta er merka med ulike fargar

Dei gule turane er enkle turar som er tilgjengelege for alle.

Dei grøne turane er ganske korte og lette å gå. Dei passar godt for familiar.

Dei blå turane er topturar eller utflukter som varer frå ein til tre-fire timar.

Dei raude turane er utfordringar som du gjerne treng opptil heile dagen på.



Turen til Rabnafjellet startar ved Stemmen, der Fisterånå renn ut frå Hetlandsvatnet. Du finn parkeringsplassen ved Stemmen på Fistervegen mellom riksveg 13 og Fister sentrum.

Turen er ikkje så lang, men du får likevel opp pulsen på vegen til toppen av Rabnafjellet. Det er eit par bratte parti som må forserast. Det er også eit par blaute parti, men turen går for det meste på skogbotn og gjennom blåbærlyng.

Turen er rundt 4,5 kilometer lang tur/retur. På dei vel to kilometrane til toppen skal du opp frå 46 moh til 248 moh. Du kan gjerne rekna tre-fire timar på turen.




Kodejakta 2025 er støtta av



Sparebanken Norge

3. Eventyrskogen, Årdal



Denne turen startar på Skogarbøvegen i Årdal. Det er toalett og god plass til bilar på parkeringsplassen.

Det er ein familievenleg tur der treskje-
rar Eldfinn Austigard har stilt ut ei
mengd med figurar frå eventyr, segner
og dyreliv. Turen er snautt to kilometer
lang.

Koden finn du i «Eventyrskogen sentrum», der det også er hinderløype, gapahuk og høve til grilling. Me skriv ikkje noko om kor lang tid turen tar, for her er det mykje viktigare å ha god tid og eit ope sinn.




Mange har nok besøkt Eventyrskogen før, men her er det alltid noko nytt å sjå.



Hjelmeland kommune takkar alle grunneigarane som kvart år seier ja til at me kan merka turar på deira eigedomar og utmarks- og beiteområde.

For å halda på denne godviljen, ber me om at alle kodejegrar respekterer nokre enkle reglar.

Lukk grindar - Hald hundar i band
Set deg inn i reglane for tenning av bål
Ta med deg søppelet heim frå turen



4. Trodla-Tysdal

5. Djupadalsvatnet

Turen Kleivaland - Trodla-Tysdal tur/retur er den lengste i Kodejakta i år. Men dette er ein tur du kan gjennomføre på fleire måtar.


Du kan følgja turistforeininga sin sti frå Kleivaland til Trodla-Tysdal. På toppen mellom fjellgardane Kløv og Helgaland, møter stien grusvegen. Der stien møter vegen kan du velja om du vil gå turen til Djupadalsvatnet eller turen til Trodla-Tysdal.

Du kan også ta med sykkel til Kleivaland og sykla på grusvegen inn til Helgaland (blå løype på kartet over). Det er 5,5 km sykkelstur forbi tre gamle

fjellgardar til startpunktet for turen til Djupadalsvatnet.

Mange vil nok finna desse kodane på to separate turar. Dei sprekaste kan ta begge på ein dag. Vil du ha litt betre tid på deg, kan du bestilla overnatting i Trodla-Tysdal på nettsida trodla-tysdal.no. Der finn du og meir info om turen.

Du må rekna to-tre timar inn til Trodla-Tysdal og ein time meir på returen. Avstikkaren til Djupadalsvatnet er vel 2 km kvar veg og relativt enkel å gå, men det kan vera utfordrande å kryssa Helgalsåna i flaumperiodar.



Løypa fram til Ytrevollhuken er tilpassa og tilrettelagd for alle. Dette er den kortaste turen i Kodejakt i år. Han er berre litt over 200 meter lang kvar veg.

Det betyr ikkje at utflukta må vera verken kortvarig eller kjedeleg. Ytrevollhuken er ein heilt ny gapahuk med bålpanne og god uteplass og høve til grilling. Du kan også læra meir om villreinhei og jakt når du besøker Ytrevollhuken.

Rett nedanfor finn du badeplassen i Riskedalsvatnet. I år kan du låna Frilager sine




kanoar til padletur på Riskedalsvatnet. Dette ordnar du på nettsida frilager.no.

Parkeringa til Ytrevollhuken er ved fotballbanen i Årdal. Du kan eventuelt parkera ved Årdal kyrkje og gå over eller langs kyrkjegarden for å koma til banen og koden.

7. Heiakodl frå Hagalid

7. Heiakodl frå Vågen



Turen til Heiakodl kan du tilpassa litt etter kor hard du vil han skal vera.

Om du går frå Hagalid (p-plass med betaling), er det ein ganske enkel tur på 1,5 km til toppen der du har flott utsyn til Hjelmeland sentrum og fjordane vest- og nordover.

Om du vil ha ein rundtur på vegen tilbake til Hagalid, går du ned til Heiavarden før du returnerer (stiplin linje på kartet). Då blir turen ein snau kilometer lengre, men du bruker uansett ikkje meir enn ein time eller to.

Vil du ha ein tur som får opp pulsen, startar du heller i Vågen. Då er turen opp til Heiakodl 4 km, og det stig frå 1 moh til 455 moh. Du må gjerne rekna 4 timar tur/retur på denne turen.

Turen til Heiakodl er ein del av løypenettet for turar med start i Hjelmelandsvågen. Det betyr at du kan kombinera turen med andre i same løypenettet. Det er skilta til dei ulike turmåla undervegs.

Om du går frå Vågen, er det enklast å følgja Burmavegen til den tidlegare fotballbanen på Flåtene og følgja stien derifrå.


FØLG MERKINGA

Me har laga turkarta til Kodejakta så nøyaktige som me kan, men nokre stader vil du nok finna avvik mellom kart og løypemerking.

Om du er i tvil, skal du følgja merkinga i staden for å følgja kartet.

8. Siderturen, Hjelmeland

9. Sæbø, Hjelmeland



Dei siste åra har Hjelmeland blitt kjend for produksjon av eplėsider. På denne rusleturen med utgangspunkt i Hjelmelandsvågen, går du langs frukthagane og innom gardsutsala til to av produsentane.

Turen er 6,5 km lang tur/retur Vågen-Einervoll. Du kan også gå langs Vornedalsvegen til Almønningen og opp Sæbøvegen til Sæbø. Då er koden på Sæbø tilgjengeleg for alle. Turen går dels på veg og dels på traktorveg, og du må over to gjerdeklyvarar ved den inste garden på Kvame.


KODEJAKTA HANDLAR IKKJE OM Å SPRINGA FORTAST

I skildringa av turane i Kodejakta vil du ofte finna formuleringar som «Du bruker gjerne to-tre timar på turen».

Mange vil nok oppleve at dei bruker mindre tid enn dette.
Somme vil også bruka meir tid enn det som er oppgitt.

Tida som er oppgitt tek høgde for at folk gjerne tek seg tid til å nyta turen, og legg inn ein pause eller to undervegs.

10. Glos, Hjelmeland



Turen til Glos startar på parkeringa på Geisfjell. Du finn parkeringsplassen ved å følgja skilt til Geisfjell og Eggebø frå riksveg 13 mellom Hjelmeland og Årdal.

Parkeringsplassen på Geisfjell er også utgangspunkt for andre turar.

Turen til Glos er 2,7 km tur/retur og passar godt for heile familien sjølv om det stig jamt frå 399 til 565 moh. Om lag halvparten av turen går på traktorveg, resten på fin sti gjennom terrenget.

Turen til Glos er ein kort og enkel topptur, men når du kjem fram står han ikkje tilbake

for lengre turar. Frå varden på toppen har du verkeleg flott utsyn ned til til Årdal og utover fjord- og øyriket i Ryfylke.



ANDRE TURFORSLAG

Kanskje finn du fleire turar her:

Hjelmeland Turlag, Facebook


Turpostane på topp i Årdal, Facebook

På tur i Hjelmeland, Facebook

josneset.no, ut.no

Turistkontoret i Spinneriet (frå 20. juni)

SKANN QR-KODE FOR TURTPIS





Frå turen til Djupadalsvatnet



Frå turen til Heiakodl



Frå turen på Jamnårheia



Frå turen til Heiakodl



Frå turen til Rabnafjellet



Frå turen til Ytrevollhuken, Badeplass ved Riskedalsvatnet

Send inn kodane du har samla innan **19. oktober** og bli med i trekninga av flotte premiar. Hugs at om du har funne alle ti kodane, har du ti lodd i trekninga. Har du berre funne ein, har du eitt lodd.

Turmål	Kode	Turmål	Kode
1. Jamnarheia		6. Ytrevollhuken	
2. Rabnafjellet		7. Heiakodl	
3. Eventyrskogen		8. Siderturen	
4. Trodla-Tysdal		9. Sæbø	
5. Djupadalsvatnet		10. Glos	

Fyll ut skjemaet og send til Hjelmeland kommune, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland - eller send kodane dine til postmottak@hjelmeland.kommune.no - eller lever dei til kundesenteret i Vågahuset innan 19. oktober. Del gjerne dine turopplevingar, filmar og bilede eller meiningar om turane på Facebook-gruppa Kodejakta 2025.

God tur og god jakt!

Førstepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 5.000 kroner

Andrepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 3.000 kroner

Tredjepremie: Gåvekort på turutstyr Sport1 Jørpeland - 2.000 kroner

4. — 8. premie: Diverse turutstyr og bokpremiar

